

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 4 - september 2010 42. årgang



Diakonvikaren

side 3




Løvegjengen i Time kyrkje

side 4



Tenn lys 11. september

side 10



Kyrkjelydstur til pasjons-
spelet i Oberammergau 2010

side 14

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks 51 77 03 60

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048

Sokneprest: Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Prostiprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69

Diakon: Ann Iren Tjelta Ravndal tlf. 958 955 85

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 630 39

Sekretær Bryne sokneråd: tlf. 51 77 03 72

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 72

Sekretær Time sokneråd: tlf. 51 77 03 72

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 72

Sekretær Undheim sokneråd: tlf. 480 273 04

Herdís Lindal tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 76

Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76

Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 909 423 04

Konsulent: Tor Aase tlf. 51 48 34 82

Time kyrkje og kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne kyrkje tlf. 51 48 28 08

Prosjektleiar trusopplæring: tlf. 51 48 85 10

Jorunn M. Ueland tlf. 51 48 32 84

Time tlf. 51 48 25 31

Organist: Oddny Underhaug tlf. 51 48 43 09

Kyrkjetenar: Marit Undheim tlf. 51 48 43 09

Soknerådsleiar: Amund Undheim tlf. 986 55 128

Bryne tlf. 51 48 28 08

Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad tlf. 412 728 62

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 996 191 21

Organist: Per Olav Egeland tlf. 51 48 66 68

Klokkar: Leif Andenes tlf. 938 316 23

Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 51 77 03 68

Barne- og ungdomsarbeidar: tlf. 51 77 03 68

Jorunn Pettersen tlf. 51 77 03 68

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 951 789 71

Leiar forsamlingsstyret: tlf. 404 01 214

Vegard Hanssen tlf. 51 48 68 20

Undheim tlf. 934 429 19

Prest: Per Børge Hillestad tlf. 5148 45 55

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 51 48 43 07

Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 43 07

Besök vår nettside:

www.time-kyrkja.no

e-post:

helgedagen@time-kyrkja.no

Til ettertanke

Til alle tider!

Sommaropplevingar kan vera mange og gode. I sommar vart det lett å rangera den største for meg: Kyrkjelydsturen til pasjonsspelet i Oberammergau. I dette nummeret av Helgedagen kan de lesa glimt og inntrykk frå det som 51 gilde folk frå Bryne og omegn opplevde på bussrundtur mellom München, Wien og Praha, med pasjonsspelet som det store målet og høgdepunktet.

Spelet har ei unik historie. I 1633 herja pest og 30-årskrig sentral-Europa. Ein liten landsby i Sør-Tyskland var ramma som andre. Då ga innbyggjarane eit løfte til Gud: Om pesten stoppar, skal me kvart tiande år i all framtid, framföra spelet om "Vår Herre Jesu Kristi lidning, død og oppstode."

Frå den dagen døydde ingen fleire i pest, og byen Oberammergau har halde løftet sitt. I år vert det over 100 førestillingar. Ein halv million menneske får oppleva dette mektige spelet med regi, skuespel, korsang og musikk av høg kvalitet og gripande innhald.

Kva er det som gjer at folk strøymer til frå alle kantar? Kva var det som gjorde djupast inntrykk på meg?

Det var i særleg grad to ting. Eg vil gjerne dela dei i denne spalta og la dei vera til ettertanke, anten ein har opplevd spelet eller ikkje:

Det første er det sentrale innhaldet i spelet. Jesu liv og død er framstilt slik at du lett kan sjå og fatta: Dette er Guds store frelsesverk til alle tider. Jesus vert ramma for at me skal gå fri. Regi og formidling gjer at Jesu lidning og død angår livet vårt i dag. Livet me lever med skuld og skam, sorg og glede, redsel og kamp, håp og lengsel.



Stein Ødegård

Spelet vert eit speil. Me ser oss sjølv, så feige, avmektige og fortvila me kan vera, i Peter; Maria, Judas, Kaifas og Pilatus.

Me får sjå kor me kan gå med fortviling, skuld og det veike og svake i oss. Me kan gå til Jesus og sjå på Jesus! Han er håpet vårt! Han kan me byggja livet på.

Det andre som fascinerte og utfordra er korleis dette spelet formar ein heil by. Alt er lokalt gjennomført, med skuespelarar, musikk og rekvisittar. 2-3000 var engasjerte. Spelet pregar byen i handverk og turisme kvart år. I året før spelet lar mannofolka skjegg og hår gro, alt skal vera ekte. Dette er deira tradisjons historie som by. Dei byggjer sin identitet og har sitt fundament i Jesu liv og død for oss. Og dei fører det vidare og gjev det som gāve til nye slekter og nye menneske.

Det er slik Jesus seier livet vårt skal vera: "Den som høyrer desse orda mine og gjer det dei seier, han er lik ein klok mann som bygde huset sitt på fjell."

På sikrare grunn kan ingen byggja. Slik Bjørn Eidsvåg har forma det i salmen "Til alle tider:"

*En mager mann som stille lider.
Ewig Gud til alle tider,
i himmel og på jord,
min frelser og min bror.
Jeg ser hva du har gjort,
og legger kronen bort.
Straffen lå på deg,
nåden bærer meg.*

Stein Ødegård

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid. Layout og trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til gabriel.tengsareid@lyse.net og må må vera oss i hende innan 8. oktober. Neste nr. kjem ut ca. 25. oktober. Ver vennlig å senda stoff til Helgedagen innan fristen.

Diakonvikaren

Sidan desember har Ann Iren Tjelta Ravndal vore vikar for diakonen i Time.

Ann Iren er nyutdanna diakon. Ein diakon har ei grunnutdanning. Ann Iren er utdanna ergoterapeut. Deretter har ho tatt diakonifaga. Ho held fram som diakon vikar i halv stilling ut året. "Eg gler meg til å jobba saman med diakon Marit Høie Hetland", seier ho. "Marit har mykje meir erfaring enn eg, og det skal bli godt å læra av henne."

Ann Iren har budd fleire år i Oslo. Her var ho med i ein kyrkjelyd som kallar seg Sub Church. Ein viktig bit av arbeidet deira er ein kafé der folk kan prata over ein kopp te, koma med ting dei har til overs og ta med seg noko dei treng. "Eg lurer på om det er mogleg å skapa noko liknande på Jæren", seier Ann Iren. "Me treng stader der me kan samtala om livet og om livsforståinga vår. Me treng stader der me kan utfordra til tru."

"Har du nokre spesielt gode opplevingar å sjå tilbake på etter desse første månadene som diakon?" spør Helgedagen. "Ja", seier Ann Iren. "Det har vore så

mange gilde opplevingar. Omsorga eg har fått og livsgleda eg har fått ta del i på Sundagstreffet, har gitt meg stor glede. Andaktane på institusjonane og dei gode samtalene med dei eg har fått besøka til åremålsdag eller i sorg, har gitt meg mykje.

Eg har så mykje å læra av dei som har levd lenge og av dei som har røynt livet. Å møta menneske i sorg gir mykje, men eg kjenner og på kor lite erfaring eg har. Eg skulle gjerne kjent meg tryggare der. Minnegudstenesta i januar var ei sterkt oppleving."

"Bøn ligg i botn av eit diakonalt liv," seier Ann Iren. "Når me ber hjelper Jesus oss til å sjå annleis på andre menneske. Me dørmer ikkje så lett og ser fortare kor flott det menneske me ber for eigentleg er. Eg drømmer om at Gud gir oss augo som ser andre og vilje til å gå menneske me ikkje kjenner i møte. Og så treng me å finna ein enklare livsstil så me kan ta vare på jorda."



Ann Iren Tjelta Ravndal

"Det tar tid å bli kjent i Time," seier Ann Iren. "Eg har hatt ei god tid her. Her er mange gode medarbeidarar i kyrkje-lydane. Eg lærer stadig noko nytt. Slik får eg hjelp til å finna ut kva eg skal ivra mest for i jobben."

Helgedagen ønskjer Ann Iren Guds velsigning over tenesta. Me er glade for at ho er her.

Gunnar Frøyland



Gi til NMS – få skattefradrag!



**Det Norske
Misjonsselskap**

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Løvegjengen i Time kyrkje



"Her er det plass for alle"



Store og små "løver" samla



Samling med Håvard



Skattekiste! Kva er oppi?



Endeleg løvemat!

"Her er det plass for alle". Dette har vore kjenningsmelodiens våren 2010 for Løvegjengen i Time-kyrkja. Når denne blir sungen, veit alle at det er noko som skjer for borna. Det er ein fryså å sjå og høyra gjengen før dei dreg ut på Kyrkjetorget. Oftast får dei og med seg ei lita helsing frå presten før dei togar ut.

Der ute har dei eit opplegg kvar preikesøndag i Time kyrkje. 5-6 unge ektepar har gått saman om dette, og leiar Karete Fosse seier at dei samarbeider med søndagsskulen på Fotland. Målet er at borna skal få ei samling kvar søndag.

Opplegget ute på Kyrkjetorget varierer. Ofte sit dei i ring, syng og har ei lita forteljing. Den



Store jenter inne

søndagen Helgedagen fekk vera med, var det mennene, Håvard Braut, Morten Dyngeland og Geir Fosse sin dag til å stå for programmet. Dei har nemleg ordna seg så greitt at menn og damer byter på ansvaret. Slik får dei vaksne med seg ei heil gudsteneste annankvar gong. Kjekt for gutane at det også blir gjort meir "guteting", sidan gutane utgjer ein stor del av gjengen.

Etter samlinga nede, er dei opp i 2. etasje der dei leikar, teiknar eller gjer andre ting saman. Når det er fint og varmt vær, er dei gjerne ute, slik som den fine juni-søndagen denne reportasjen er frå. Til slutt kjem "løvematen", som alle løvene set stor pris på.



"Raudt lys" i sola

Leiarane fortel at aldersspennet er stort, frå 1 – 12 år, så dei prøver å gje dei største litt ansvar for deler av programmet. Dei ønskjer også at borna får oppgåver under gudstenesta, som å vera med på utdeling ved inngangen, hjelpe til med dåpsvatn og dåpsserviettar, lesa bøner og vera forsongarar og kor. Dei syns det er fint at heile familien slik er samla i kyrkja. Nytt tema for hausten er "Jesus er glad i meg".

Arbeidet som desse familiene gjer, har blitt ein ny giv i Time-kyrkja, og det er også ei positiv utfordring for dei som legg til rette gudstenestene. Stor takk til alle "størlover" som står på!

LHH



*Stjerner på
kvar si løve*



Spreke hopp!



Hoppetau ute



AKTIVITETEN På SARON Hausten 2010

Frå 6. klasse

annankvar torsdag kl. 19.00 – 21.00

26. august, 9. september,
23. september, 7. oktober,
21. oktober, 4. november,
18. november, 2. desember

**Modellfly bygging og simulator, bil
og elektro byggesett.**

Velkommen Misjonsambandet



TENN LYS 11. september

BRYNE KYRKJE

laurdag 11. september kl. 19.00

**Song - Musikk- Hjelpearbeid -
Sosialt Fellesskap**

Piano Maria Bue Kessel.

Song Jærlang.

Hjelpearbeid i ord og bilde KPK- Ukraina ved Ivar Lyster, Ellen Aarsland, Solveig Åtland.

God allsong. Kaffi, eplekake og drøs.

Kollekt til KPK-Ukraina sitt store arbeid.

Hjelpesending til Ukraina.

Innsamling av varme klær, sko, teppe, sengetøy, barneutstyr, gryter, koppar og kar m.m. i kyrkja frå kl 18.00 i u-etg. ved peisestova og bilar utanfor kyrkja.

**Velkommen til ein spennande
kveld i kyrkja!**

Sjå også side 10



HAUSTENS KVELDS- GUDSTENESTER I BRYNE KYRKJE

**29. august, 26. september, 24. oktober og
21. november kl 19.00**



I eit inkluderande felleskap skal den enkelte både sjå og bli sett.

Tittel på haustens kveldsgudstenester er "Ein open famn for deg og meg". Her ynskjer gudstenesteutvalet å ta opp aktuelle diakonale utfordringar i tida.

Diakoni er eit av satsingsområda i Bryne kyrkjelyd sin strategiplan og er kyrkja si omsorgsteneste. Diakonien er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.

Vern om skaparverket har vore eige tema i ein tidligare kveldsgudsteneserie. Dei andre har ein fordelt over fire kveldar og tar opp korleis vi ser på andre, gode venskap, det å ta vare på seg sjølv og forsoning. Til kvar av gudstenestene er det gode innleiarar og godt tonefylgje.

Dei fire kveldane i Brynekyrkja er 29. august, 26. september, 24. oktober og 21. november og startar kl 19:00. For fleire detaljar: Sjå plakat ved inngangen til Bryne kyrkje.

Gudstenesteutvalet



Bønn i Bryne Kyrkje

**Kvar onsdag kl. 11.00 -12.30 samlast
ei gruppe til bønn i Bryne kyrkje.**

Bønnesamlinga er open for alle som har lyst å vera med i eit bønnefellesskap.

Velkommen også om du ikkje har høve til å vera med kvar gong.

Bak i kyrkeromet er det ei korg kor ein kan leggja bønneemne. Desse vert tekne med på onsdagssamlingane. For spørsmål ta kontakt med Torunn Mæland, tlf. 97519695



Velkommen til "Sundagstreff" i Bryne kyrkje

Kl. 18.00: Song, ringleik, kaffi og drøs i peisestova.
Kl. 19.00: Ein enkel gudsteneste i kyrkjesalen.

Arrangementet er ope for alle og tilrettelagt for menneske med utviklingshemming.

Datoar for hausten:

- 12. september
 - 17. oktober: Arvid Edland blir med oss.
 - 14. november
 - 5. desember: Me får besøk frå kulturskulen.
- Hjarteleg velkommen!



Julemess i Bryne kyrkje 27. nov 2010

Vi tek i mot alle salgsvarer med stor takk.

Inntekta går til barne- og ungdomsarbeidet i Bryne kyrkje og misjonsprosjektet til Bryne kyrkjelyd, Den Norske Israelsmisjon.

Det er muleg å levera aktuelle varer på kyrkje-kontoret fram til fredag 26.november eller i kyrkja fredag 26 november kl 18.00 - 20.00

På førehand takk.

Julemessekomitéen

Temakveld om samlivsbrudd

Mandag 4. oktober kl. 19.30

Gand kirke – Sandnes

"Fra par til fortsatt foreldre"

- utfordringer når to går hver sin vei v/Jon Aarsland,
daglig leder ved familievernkontoret i Egersund

Det blir informasjon om samtalegrupper,
og mulighet for påmelding til slike grupper.

Velkommen


Arr. Diakonene i Den norske kirke i Egersund, Time, Klepp
og Sandnes

Santalklubben på Bryne

er ei forening for jenter frå 3.klasse og oppover.
Foreningsmøta er i Rektor Sælandsv.21, i kjellaren hjå Oddny Underhaug.

Møtetid: kl.17.00-18.30, tysdagar i partalsveker.
Diverse formingsaktivitetar.
Klubben arbeider for Normisjon.
Velkommen til gamle og nye medlemer!

Størst av alt" hausten 2010



"Størst av alt" – trusopplæring for alle døpte i regi av Den norske kyrkja. Denne hausten har vi følgjande tilbod:

5.klassingar: "Etter skuletid"-samlingar sept-nov.

I tillegg gler vi oss til
Seinkveld: Time/ Undheim 17/9, Bryne 1/10
Lys våken: Time/ Undheim 18-19/11, Bryne: 4-5/12

2-åringar: Undretur.

- Time kyrkje og Bryne kyrkje 20 nov.

4-åringar: Barnebibel og adventsklubb

Nov./des.

Invitasjon blir sendt ut etter i medlemsregisteret til Den norske kyrkja. Ta kontakt med kyrkjemkontoret om de ikke får invitasjon!

Samling i Undheim kapell

Fredag 8. oktober kl. 19.00



Tale av tidlegare sokneprest i Suldal,
Olav Eikeland.
Håkon Bjorland viser naturbilete.
Utlodding og sal av mykje god Ryfylke-frukt. Matpause.

**Inntekta går til leirplassen
Himmel & Hav (Strandleiren)**

Alle velkomne!

Det Norske Misjonsselskap

Å VERA MED PÅ



Bryne Kyrkjelyd Rosseland Program hausten 2010

Tilbake på Rosseland Skule

Etter halvanna år på Time VGS er me nå tilbake på Rosseland Skule. Gudstenestene og sundagscaféen vil bli arrangert i aulaen.



Kyrkjelydsarbeid på Rosseland

Bryne Kyrkjelyd ynskjer å vera "den opne famns kyrkje". Rosselands-arbeidet er til for alle som vil vera ein del av eit lokalt kyrkjelydsfellesskap. Tilboda vert særskild lagt til rette for barnefamiliar.




Sundagscafé
12.september startar me opp med eit nytt familietilbod. Sundagscafé med aktivitetar for barn vil vere open fire sundagar i haust frå 16-18.00. Det vert selt pølser, pastasalat, vaflar, is, saft og kaffi. Caféen startar med ei lita samling for barna kl.16.00.

- Sun 29.aug kl 11.00**
Familiegudsteneste
- Sun 12.sept kl 16.00**
Sundagscaféd
- Sun 26.sept kl 11.00**
Gudsteneste med sundagsskule
- Sun 10.okt kl 16.00**
Sundagscaféd
- Sun 24.okt kl 11.00**
Familiegudsteneste
- Sun 7.nov kl.16.00**
Sundagscaféd
- Sun 21.nov kl 11.00**
Gudsteneste med sundagsskule
- Sun 5.des kl 16.00**
Sundagscaféd

Alle arrangement skjer i aulaen på Rosseland skule.

VELKOMMEN TIL UK HAUSTEN 2010



KVAR TORSDAG I
BRYNE KYRKJE.
FOR UNGDOM FRÅ 8.KLASSE



**19.00 U-GUDSTENESTE
19.30 ÅTKIVITETAR
20.30 MAT
21.00 FRITT FRAM
22.00 SNAKKES!**

SPØRSMÅL?

KONTAKT
LEIF OSCAR REIESTAD
TLF 99127403
LOR@TIME-KYRKJA.NO



Sundag 31. okt. kl.15.30

**Haustfest for alle over 60
i Bryne Kyrkje**

Andakt v/Jens Olav Mæland.
Musikkinnslag av Torvald Tjåland og medmusikantar.
Kjellaug Bakke les eigne dikt.

Det blir allsong, god mat, kaffi og tid til drøs.

Hjarteleg velkommen!

Arr: Bryne diakoniutval



Laurdag 6. november Open kyrkje

Velkommen til Allehelgensprogram i Time kyrkje:

Kyrkja er open kl. 11.00-14.00

Program i kyrkjesalen kl. 12.00-13.00

Tenn eit lys

Dagen før Allehelgensaften er mange på kyrkjegarden for å minnast den/dei av sine nærmeste som har gått bort.. Derfor vert kyrkja open denne dagen. Alle som ønsker det kan få sitja ned i ro og ettertanke. Vi er tilgjengelege for samtale.

På kyrketorget, dvs. tilbygget til kyrkja, vil vi ha "varmestove". Her kan du få kaffi og noko å bita i.

Ved eit bord kan du tenna lys til minne om den/dei som har døydd frå deg. Vi legg også fram litteratur som kan vera til hjelp.


Ord og tonar til håp og trøyst

Kl.12:00-13:00 vert det program med musikk, dikt og skriftlesing i kyrkjeromet.

Tema for denne samlinga er "Ord og tonar til håp og trøyst." Organist Per Olav Egeland sit ved orgalet, og det vert opplesing ved Leif Andenes.

TV-aksjonen 2010

24. oktober i år er det årets TV aksjon med innsamling til Flyktningehjelpen. Kyrkja ønsker å støtta opp om aksjonen og oppmodar til å bli med som bøsseberar. Har du høve til å bli med, ta kontakt med kyrkjemkontoret.



Velkommen til samlivskurs!

Gje dykk sjølve tid der de fokuserar på parforholdet!

Vi tilbyr både kurs 1: "To på samme kurs" og kurs 2: "Et annerledes språkkurs". Vi anbefalar alle å gå på kurs 1 først.

For påmelding og meir informasjon, ta kontakt med:
Time kyrkjekontor, tlf: 51 77 03 77
eller e-mail: diakon@time-kyrkja.no

Velkommen til å bli med!



Jærklang inviterer
songarar til
julekantaten
DEN STORE STJERNA
av Takle/Bjerkrheim

Til alle som har vore med tidlegare år og til andre som gjerne vil vera med:

De er hjarteleg velkomne til å vera med på fellesøvingane me har sett opp.

Me har noter til dei som ikkje har frå før.

Fellesøvingar i Bryne kyrkje:

Laurdag 25.sept. kl.10.00-13.00

Laurdag 11.des. kl.10-13

Konsert i Bryne kyrkje:

Søndag 12.des. kl.18.00

Tenn lys 11. september



Damene ved dagsenteret med noko av det dei har strikka.
Framme sit Sofie Frøyland til venstre og Astrid Kverneland.
Bak frå venstre: Karen Hadland, Sigrid Auestad, Karen Sofie Pedersen, Margunn Sola (tilsett dagsenteret), Klara Tjåland, Astrid Haugland, Kari Edland, Olaug Fjermestad og Agnes Nilsen.

Me har teke turen til Sivdammen dag-senter på Bryne.

Rykte går om at flinke og flittige damer er i gang med eit viktig prosjekt. Dei strikkar til nødlidande og fattige i Ukraina. Strikkepinnane går jamt og trutt. Omsorg og iver er lagt ned i maskene som blir til både sokkar og babyposar.

Dagsenteret har bilete av sitt fadder-barn frå Ukraina på veggen.

Laurdag den 11. september skal alle strikkevarene leverast i Bryne kyrkje. Der vil KPK-Ukraina med stor takk ta imot, og bringe alt vidare til dei som treng det.

Ivar Lyster er leiar for KPK-Ukraina som driv eit stort hjelpearbeid. Saman med barnebarnet Solveig Åtland, er han denne dagen på dagsenteret for å treffe dei gode medarbeidarane, og for å sjå på det dei har laga.

Smilande damer viser stolt fram mange flotte strikkeplagg. Imponerande arbeid som skal sende varme og om-tanke frå Bryne til Ukraina.



Ivar Lyster og barnebarnet, Solveig Åtland, besøker dagsenteret.
Solveig er barne- og ungdomsarbeidar i Frøyland/Orstad. Ho har vore 9 gonger i Ukraina og reiser på nyåret igjen for å arbeida tre månader ved ein barnehjem

Kva skjer i Bryne kyrkje laurdag 11. september kl. 19.00?

Då skal det vera storsamling i kyrkja. Song/musikk – hjelpearbeid – sosialt fellesskap.

Arrangementet har me kalla "Tenn lys 11. september". Denne datoен er for mange symbol på terror og vonde krefter. Me vil tenne lys for det som er godt.

Det blir mellom anna song av Jærklang , pianospel av Maria Bue Kessel, all-song, servering av kaffi og eplekake.

Ivar Lyster og dottera Ellen Aarsland blir med. Gjenom ord og lysbilde skal me få innblikk i kvardagen som møter ein hjelpearbeidar i Ukraina. Solveig Åtland representerar ungdomsarbeidet i Frøyland/Orstad kyrkjelyd. Ho vil fortelje om deira engasjement gjennom KPK. Om du ynskjer fadderbarn i Ukraina, kan du ordne det i kyrkja denne kvelden. Du får då namn og bilde av ditt fadderbarn. Håkon Urstad leiar kvelden.

Kan me hjelpe på andre måtar?

Ja! Kveldens kollekt er viktig. Der kan me gi ei pengegåve til KPK-Ukraina og deira store arbeid blant fattige og sjuke. Oppgåvene er mange og nøden endelaus.



Sokkar frå Jæren vil glede og varme mange.

Hjelpesending til Ukraina

Ein ny vinter står for døra. Innsamling for å fylle julenetrailaren er i gang. Me treng klær, sko, barneutsyr, kjøkkenutstyr, sengetøy og andre nytte ting. Har du noko du vil leve? Innlevering i Bryne kyrkje underetg. ved inngang peisestova frå kl 18.00 eller til bilar utan-

for. Dette vert gildt! Kom til kyrkja og bli med på ein spesiell kveld! Sjå annonse Jærbladet.

Ingunn Heggland Solheim
emb



Stefanuskyrkja avvigsla

Under ei gudsteneste **sundag 5. september** vart Stefanuskyrkja i Nærlandsparken avvigsla. Gudstenesta var prega av takk for kva kyrkja har betydd for folket på og ved Nærlandsheimen.



Tryggheimsvingen 13, 4365 Nærø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på

FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

Sendetider

Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00

Tirsdag: 08.30 - 09.00

Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00

Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

*Jesus Kristus
er i går og i dag
den samme, ja
til evig tid.
Hebr. 13,8.*



Det er lov å bry seg!

Som telefonvakt hos Kirkens SOS kan du bidra til at andre får det bedre, samtidig som du får perspektiv på livet.



Kirkens SOS trenger flere telefonvakter!

Vi søker kvinner og menn over 20 år som selv ikke er i en aktiv krise, har tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg.

**Innføringskurs for frivillige telefonvakter
starter onsdag 22. september 2010.**

Kurs: dag 10-13 eller kveld 19-22.

Kontakt Kirkens SOS i Rogaland 51 88 45 15 / 971 70 995

e-post: rogaland@kirkens-sos.no

www.kirkens-sos.no



Vi er her. Alltid.



Trusopplæring - Størst av alt

Helgedagen har snakka med tvillingane, Ane og Petter Taksdal, som bur på Undheim. Sist skuleår var dei femteklassingar og med på trusopplæring i kyrkja – Størst av alt. Begge to fortel entusiastisk om timane og det dei har lært. Den aller første gongen dei møttest var dei i kyrkja frå kl. 19.00 til 23.00.

- - Det er derfor det heiter Lys Våken, forklarer Ane. Men dei fleste gongene gjekk dei rett frå skulen. Då kom dei til dekka bord og god mat som foreldre hadde gjort klar. Så var det undervisning.

- - Me kjende Jorunn frå før for ho hadde vore på skulen. Jorunn er så levande. Ho brukar hendene slik, sa dei og imiterte Jorunn. Per Børge var også der. Dei var flinka å læra oss. Me hadde både undervisning frå Bibelen, leik og mykje gildt. Inne i kyrkja fekk me gå rundt til forskjellige plasser (bønnevandring) der det låg klar oppgåver. For eksempel kunne me skriva på ein

Petter, Ane og mor Irene

Undreturen går også til orgelet

lapp om noko som var vanskeleg og så leggja lappen i ei korg. Ein Stein i handa betydde ei tung bør som det gjekk an å leggja frå seg ved korset. Så song me, lærte nye songar og fekk laga og framføre dramastykker.

Avslutningen var på gudstenesta. Me fekk vera med, bera inn ting til alteret, og nokre av oss las bøner som me hadde skrive sjølv.

Me møttest til samtaLEN i Undheim kyrkje. Eg ga uttrykk for kor vakker eg tykkjer Undheim kyrkje er. Då samtykte både Ane og Petter spontant, og Petter sa: Skriv det ! !

Mor, Irene Anda, lyttar mens borna fortel. Ho kan bekrefte at tvillingane hennar hadde det gildt på Størst av alt. Dei passa godt på å vera med på alle samlingane, og gjennom åra har dei vore med på alt kyrkja har invitert til: 4-årsbok, dåpsskule, Størst av alt for 3.klassingar og nå Størst av alt for 5.klassingar.

Til kyrkjekontoret

Så er ferien slutt, hjula er i gang igjen. Ane og Petter er blitt sjetteklassingar, mens Jorunn Ueland, leiar for trusopplæringa i Time, skal i gang med nye femteklassingar og andre.

Engelen (Gabriel) med god bodskap til Maria (Marita) frå Lye.



På kyrkjekontoret på Bryne finn eg Jorunn som nå får ordet.



Jorunn Ueland

Er du klar med årshjulet igjen, Jorunn?

- - Nå har eg sendt ut invitasjon til 5.klassingar i Time og Undheim. Bryne står også for tur. Vi gler oss veldig til å møte dei nye 5.klassingane. Det er spennande kvart år! Sjølv om mykje av opplegget gjentek seg, er gruppene ulike. Seinkvelden blir oppstarten der vi ristar oss saman og byrjar å etterforske litt i Bibelforteljingar: Kven er Jesus eigentleg?

10-år ein spennande alder

Då stiller borna spørsmål og godtek ikkje lettvinde svar. Gjennom seks "etter-skuletid"-samlingar held vi fram med undring og utforsking. "Lys våken" er namnet på ei gild markering av nytt kyrkeår. I heile landet vert det arrangert adventsnatt i kyrkja. Vi brukar overnattinga i kyrkja m.a. til å førebu gudstenesta som markerer avslutninga på tida 5.klassingane har i "Størst av alt".

Hausten

Også to- og fire-åringane vert inviterte til trusopplæring i haust. To-åringane får ein CD og invitasjon til "Undretur" i kyrkja 20. november. Det er flott å vandra i kyrkjerommet i lag med ein trygg voksenperson. Song, musikk, rytme og leik, men også rom for å oppdaga,

Lys våken: Juniorar fra Time i Bryne kyrkje



utforske, ta på og prøve.

Fireåringar får ein fargesprakande barnebibel og invitasjon til å vere med på adventsklubb. Juleforteljing og adventsmarkering er sjølvsagte tema i vekene før jul.

I januar går invitasjonane ut til førsteklassingane. Dåpskulen går i vekene før påske. Etter påske er tredjeklassingane med på Kristi Himmelfarts- og pinsefeiring i trusopplæringa.

Kva er visjonen?

Ei raus og tydeleg kyrkje der barn og unge får hjelp til å leve livet i tru, håp og kjærleik

Ei systematisk og samanhengande trusopplæring for alle døypte barn og unge, 0-18 år, uansett funksjonsnivå, er oppdraget. Når dette skal vere på fritid, sjølvsagt på frivillig basis, byr det på store utfordringar i å finne samværsfomer som appellerer og tider som fungerer. Vi kjenner på tidslemma til familiane. Det er klart det er mange ønske som skal samstemma i ein familie.

Vi ser ikkje trusopplæringa som ein fritidsaktivitet. Å lære opp barna i den trua dei er døypte til er foreldra sitt oppdrag og verdival. Kyrkja ønsker å vere ein støttespelar og ressurs for foreldra i den kristne oppsedninga.

Det var gildt og til ettertanke å få denne informasjonen frå innsida av trusopplæringa. Me ønskjer at alle de som får invitasjon frå kyrkja nå, får ei like positiv oppleving som Ane, Petter, mor Irene og Jorunn.

emb

Full innleving av både prest Per Børge og juniorar.



Kyrkjelydstur til Pasjonsspelet



Bryne kyrkjelyd har hatt ei ny festreise i dagane 15. – 23. juli. Denne gongen gjekk turen til Pasjonsspelet i Oberammergau og med besøk i byane Wien, Praha og München. Reiseleiarar var Brit Frøyland og Stein Ødegård
- Foto: Jostein Høie

Hovudmålet med turen var deltaking på pasjonsspelet i Oberammergau. I denne byen vert det sett opp pasjonsspel kvart 10. år. Dette har samanheng med eit løfte til Gud som fedrane gjorde for om lag 350 år sidan. Dei lova å setja opp eit pasjonsspel kvart 10. år dersom byen vart spara for pesten som herja. I år føregår spelet frå midten av mai til byrjinga av oktober. Alt skjer i ein stor hall med om lag 5000 sitjepllassar og varer i sju timer med ein god pause mellom 1. akt og 2. akt. Spelet i 2010 er det 41. spelet.

Gruppa vår på 51 personar kom til denne byen ein vakker sommardag, og vi hadde litt tid til å gjera oss kjende før spelet byrja ut på ettermiddagen. I god tid var vi på plass

i hallen og var der ein del av ei stor gruppe frå alle verdas kantar. Brått vart det stille, og merksemda var retta mot scenen, mot forteljaren, koret, musikken, inntoget



Rett før spelet byrjar - Foto: Jostein Høie



Reiseleiar, Brit Frøyland, tar avskjed med vår kjekke og uvanleg dyktige bussjåfør - Foto: Jostein Høie

i Oberammergau 2010

i Jerusalem og det første stillbiletet. Vi vart dregne med i framstillinga av dei dramatiske hendingane i dei siste dagane av Jesus sitt liv, knytte saman med ei rekke stillbilete/tablå med hendingar frå Det gamle Testamentet. Det var utruleg korleis innhaldet vart gjort levande gjennom skodespelarane. Dei var personane. Kor mykje gav ikkje den einskilde av seg sjølv i formidling av fortviling, avmakt, makt, redsle og svakhet. Samstundes fekk dei og formidla Gud sin kjærleik til oss menneske gjennom Jesu liding, død og oppstode.

I tillegg vart det og spesielt å få oppleva samspelet mellom naturen og dramatikken i spelet. Då dramatikken auka i langfredagshendingane byrja himmelen å svartna, lyna blenkte, tora rulla og regndråpane fall mot jorda.

Korleis greier folka i denne landsbyen på om lag 5000 menneske å få dette til når om lag halvparten på ulike måtar deltek i spelet ? Unge, gamle og barn er med. Tenk for ein dugnadsinnsats som må til både i førebuingsarbeidet og ved gjennomføring fem dagar i veka så lenge pasjonsspelet varer. Gjennom på ny å halda løftet som vart gitt av forfedrane, fekk dei gitt oss som deltok ugløymelege opplevelingar.

Opplevelingane sat i oss og var med i det vidare møte med landskap som vi køyrd gjennom, ved stopp på innhaldsrike plasser og under guiding i byane Wien, Praha og München. Guiding i byane var svært innhaldsrik, og noko av den hadde fokus på jødisk miljø og historie i sentral-Europa (Bryne kyrkjelyd har for tida misjonsavtale med Den Norske Israelsmisjon).


I tillegg til alt dette var det eit utruleg flott fellesskap i den store gruppa. Å vera med på tur i regi av Bryne kyrkjelyd har igjen vore svært gjevande – og det er gode ringverknader etter vi kom heim.

Frå ein takksam turdeltakar,


Inger Kristine Løge



Jesus rir inn i Jerusalem - Foto: Jostein Høie



Jesus vert pint og dømt under Pontius Pilatus



Jesus vert krossfest

 <p>Murmester Heskje AS Hålandsveien 24, P.b. 270 4340 BRYNE Tlf 51 77 19 80 Fax 51 77 19 81</p>	 <p><i>Bygg med glede!</i> www.hellvikhus.no</p>	 <p>STEIN & HAGESERVICE BIELEGNINGSSYSTEM NATURSTEINMUR SKIFER GRAVING PLANTING BESKJELLING Håland, 4340 Bryne tlf. 4000 7889</p>
<p>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</p> <p>eK Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne TLF. 51 48 02 11. DØGN SERVICE 971 78 180</p>	 <p>Håland Industriområde 4340 Bryne Tlf.: 51 77 84 40 • jaren@bohus.no Åpningstider Hverdager: 10-19 Lørdag: 10-15</p>	 <p>Bryne Rør AS</p> <p>Skulegata 9 • 4340 Bryne</p>
 <p>JÆREN HOTELL</p>		 <p>EL-TEAM Elektroentrepreneur Morenerefaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net</p>
 <p>Gratis befaring? SMS med AC til 1963</p> <p>Varmepumpe fra ACsenteret - en god investering fra en trygg leverandør</p> <p>ACsenteret</p>	 <p>BAKERS</p>	 <p>EiendomsMegler JÆRMEGLEREN</p>
 <p>Innvedige persiener Utvendige persiener Lamellgardin Rullegardin Plisségardin Screenduk Markiser Terrassemarkiser Gratis måltaking!</p> <p>Breimyra 14 Bryne/Håland 51 77 78 70 www.acsenteret.no</p>	<p>Selge bolig på Jæren?</p> <p>Ring tlf. 51 77 80 00 www.terra.no</p> <p>TERRA EIENDOMSMEGLING</p>	
 <p>Bjørkeveien 6 4340 Bryne. Tlf. 473 59 935 E-post: per.hareland@lyse.net</p>	 <p>Jærevegen 142, Bryne • www.kare-lende.no Tlf. 51 77 00 90 • Mob. 932 56 450</p>	 <p>coop obs! HYPERMARKED Tlf. 51 77 86 00</p>
 <p>SAGAbo HUS FOR NORSKE FORHOLD</p>	<p>Hus for norske forhold</p> <p>Jernbanegaten 9, 4340 Bryne tlf. 51 77 19 60 www.sagabo.no</p>	 <p>WACO</p> <p>Forsikringsmegling as</p> <p>TIME SPAREBANK -for Jæren</p>

 <p>MØBELRINGEN I. Bjørnsen A/S Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20</p>	 <p>SjekkPunkt BILVERKSTED www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS</p>	 <p>B&M Bok&Media Alt i bøker, musikk, rekvisita, kort og hobby i Storgata 26</p>
 <p>BØRGE UNDHEIM A/s KYLLINGOPPDRETT 4342 Undheim - Tlf.: 51 48 89 00</p>	 <p>Koinonia KOINONIA BOK OG MUSIKK Motehuset Bryne Torg Storgata 10-12 – 4340 BRYNE Tlf. 51486520</p>	 <p>Johansen Elektriske as Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>
 <p>KROGEDAL begravelsesbyrå DØGNVAKT 51972900 Våre medarbeidere på Jæren Runar Apeland, Borgny Å. Skretting Brigitte Goia og Oddbjørn Folde Kontor: Bryne og Sandnes STEINAVDELING GRAVMONUMENT PLATER Ny hjemmeside: www.krogedal.no</p>	 <p>Fermate Rogaland Et sted for frihet og forandring Et samarbeid mellan Bethania- stiftelsen, Diakonova og Normisjon TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED? Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670 eller mail: fermanterogaland@emmaus.no Besøksadresse: Hoveveien 38, Sandnes www.fermanterogaland.no</p>	 <p>BYGGMESTER HERSDAL AS Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering Mobil 908 55 625</p>
 <p>Bryne Begravelsesbyrå Tlf.: 51 77 80 80 Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd www.brynebbyraa.no Reeveien 34, 4340 Bryne Døgnvakt </p>	 <p>Misjonsblad for Israel Fra Haifa til Hellvik Den Norske Israelsmisjon post@israelsmisjonen.no</p>	<p>Vi har alt innen trykksaker 952 99 844</p>
<p>Noen blader holder deg oppe ...</p> <p>Tilbud på Misjonstidende: Første året kun kr 190,- (Full pris kr 380,-) Send navn og adresse til: 40 40 60 26</p> <p>Misjonstidende AKTUELT OM MISJON OG KIRKE</p>	<p>Vil du gi en gave til Normisjon?</p> <p>Kontonr: 1503.02.13537</p> <p>Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.</p> <p>www.normisjon.no</p>	 <p>JÆRPRINT TRYKKERI & DESIGN</p>  <p>BLI FADDER! www.misjonsalliansen.no © 22 94 26 00 misjonsalliansen </p>



NMS Gjenbruk på Bryne

Saronsbrotet 3, 4340 Bryne

Tlf. 951 06 028



Opningstider:

mandag/fredag kl. 10 - 17
lørdag kl. 10 - 14

Vi utvida med 2. etasje 31. august - større utvalg

Velkommen med varer av mange slag - eller til ein god handel!

Fleire og fleire kjem til Gjenbruksbutikken i Saronsbråtet



FRETEX

Vi gir folk grunn til å tro på framtiden

Fretex Butikksalg

Meierigata 17, 4340 Bryne

Tlf. 51 48 56 50 - www.fretex.no

Opningstider:

mandag/fredag kl. 10 - 18 lørdag kl. 10 - 15

Vegen tilbake til Gud

"For så elskar Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!. Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen.

Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,
kto.nr. 3325.25.07057

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time
kto.nr. 3325.21.30859

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste
ungdomsarbeidar, Undheim
kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kapell - gåver
kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,
kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebygg Frøyland-Orstad
kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye
kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside
<http://www.time-kyrkja.no>

**DØYPTE****BRYNE KYRKJE**

16.05.10: Sophie Hetland, Ane Berland, Per Bryne Larsen, Ragnar Bryne Larsen
30.05.10: Vida Athene Hægeland, Oda Kristensen, Frida Stueland Mikkelsen, Abigail Skrudland-Tjåland
20.06.10: Torjus Johansen, Ella Haldorsen, Sondre Vigre, Viljar Lerbrekk, Albert Martin Palma Nærland, Oda Braut Grålumstuen
11.07.10: Roar Haavardsholm, Ella Hareland, Mathilde Regine Larsen

TIME KYRKJE

23.05.10: Georg Pollestad, Linus Carlsen, Eileen Wiig Siqveland, Ivar Johannes Lomeland
20.06.10 Fotland: Jon Isak Fosse, William Salte Johannessen, Emilie Serigstad, Renate Øverland, Anna Sie, Eline Bore, Matilde Øvrebø Byberg
04.07.10: Elida Egeland Berg, Jenny Harbakk, Idunn Vardøy Edland
13.07.10: Ida Høie

LYE FORSAMLINGSHUS

13.06.10: Niklas Liland

UNDHEIM KAPELL

24.05.10: Mats Wefring Undheim, Olav Reiten Mellemstrand, Magnus Undheim, Tora Eikeland, Ruth Oline Fosse
13.06.10: Ingvald Risa, Karl Jonas Kartevoll

BORN FRÅ TIME DØYPTE**ANDRE STADER**


23.05.10: Isac Haugland-Johnsen, Haus kyrkje
30.05.10: Evenia Kristensen Nedrebø, Varhaug kyrkje
20.06.10: Ole Marthin Kolstad, Randaberg kyrkje

**VIGDE**

15.05.10: Marita Mellemstrand Teigen og Arnfinn Elias Gamlemshaug
29.05.10: Enny Elisabeth Færestrand Sandvik og Bjarne Baustad Sandvik
05.06.10: Jeanette Andersen og Kjell Frode Saglev, Keth Aareskjold og Thor-Magnus Karlsen
12.06.10: Helene Lye Norheim og Ingvar Time

25.06.10: Susanne Grøssereid og Tore Åsen

26.06.10: Astri Molaug og Joakim Stangeland, Mariann Sikveland og Øyvind Søyland
10.07.10: Elin Underhaug og Dennis Kanu, Bothild Åslaugsdotter Nordsletten og Trond Bjørknes

**DØDE**

Jan Olav Tveit,
Kjell Egil Sør-Reime,
Bertinius Tungland,
Målfrid Høyekvam,
Garman Taksdal,
Helga Oma Haaland,
Anders Tvedt,
Sven Kyllingstad,
Evy Johanne Haugvik,

Torkel Sverre Taksdal,
Ole S. Reiten,
Eldrid Norheim,
Ester Berge,
Hjalmar Sletten,
Ruth Egeland Time,
Dorthea Skjæveland,
Arna Johanne Mellemstrand,
Per Gaute Liland



Velkomen til

gudstenesteneste**Skyss til
gudstenesta****BRYNE KYRKJE:**

Sverre Lima
51 48 21 33

Jonas Frøyland
41 30 04 68

Gabriel Tengsareid
51 48 28 98

før kl. 10.00

TIME KYRKJE
Frode G. Fotland
51 48 71 11
90 74 84 03

Dortea Haugland
51 48 70 04

Før kl. 09.30

**Sundag 12. september**

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Bryne kyrkje	kl. 18.00
Time kyrkje	kl. 11.00

Luk 10, 38 - 42

Familiegudsteneste. Dåp.
Sundagstrekk. Arrangementet er tilrettelagt
for menneske med utviklingshemming
Gudsteneste. Nattverd. Løvegjeng

Sundag 19. september

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Undheim kapell	kl. 10.30

Luk 7, 11 - 17

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Gudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Nattverd

Sundag 26. september

Bryne kyrkje	kl. 19.00
Rosseland skule	kl. 11.00
Time kyrkje	kl. 11.00

Joh 8, 31 - 36

Kveldsgudsteneste. Nattverd
Gudsteneste
Familiegudsteneste. Hausifikkefest

Sundag 3. oktober

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Undheim kapell	kl. 10.30

Mark 10, 17 - 27

Familiegudsteneste. Hausifikkefest. Dåp
Gudsteneste. Nattverd
Familiegudsteneste. Dåp

Sundag 10. oktober

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Time kyrkje	kl. 11.00
Gullkonfirmantjubileum	

1. Mos 9, 8-17

Gudsteneste. Nattverd
Gudsteneste. Løvegjeng

Sundag 17. oktober

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Bryne kyrkje	kl. 18.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Undheim	kl. 10.30

Mark 10, 13 - 16

Gudsteneste. Dåp. Jungelgjeng
Sundagstrekk. Arrangementet er tilrettelagt
for menneske med utviklingshemming
Familiegudsteneste. Dåp
Gudsteneste. Nattverd

Sundag 24. oktober

Bryne kyrkje	kl. 19.00
Rosseland skule	kl. 11.00
Time kyrkje	kl. 11.00

Matt 11, 25 -30

Kveldsgudsteneste. Nattverd
Gudsteneste
Familiegudsteneste. Dåp
Utdeling av 4 års bok

Sundag 31. oktober

Bryne kyrkje	kl. 11.00
Lye forsamlingshus	kl. 10.30
Undheim kapell	kl. 10.30

Luk 13, 23 - 30

Skriftmålgudsteneste. Bønevandring
Jungelgjeng
Gudsteneste Nattverd
Gudsteneste Nattverd

